



Celine Musland og Anna Elisabeth Samland Eik hadde ansvaret for innsamlinga i Beinavikjo og område rundt.

I denne veka gjennomførte fotballaga J14 og G14 ein vellukka panteaksjon. Inntekta skal brukast på Norway Cup, - påmelding, reise og opphaldsutgifter. Leiargruppa for begge fotballaga er godt nøgd og vil med dette takka alle i Uskedalen som har samla flasker og boks, sett på vent til ungdomen kom på døra og henta. Takk til alle for god mottaking og god støtte.

Uskedalen stiller i 2018 for fyrste gong med to reine fotballag, Jenter 14 år og Gutar 14 år. Kostnaden med påmelding og opphald er kr. 2.500,- for kvar spelar. I tillegg kjem reise og lommepengar. Begge laga trenar to gonger i veka.

All panten vert no samla og køyrt gjennom flaskeautomaten på SPAR. Det er eit stort arbeid og kan sjølvsgt ikkje gjerast i butikken si opningstid. Difor er det gjort ein avtale med SPAR om å få bruka automaten på ein sundag.

Uskedalen.no vil koma tilbake med resultatet frå vaffelsalet før påske og flakseinnsamlinga no etter påske.

Ei tredje og ny inntekstkjelde er det som kjem inn på scoringsklubben. For kvart mål kvar spelar scorar i sesongen vert det betalt inn kr. 10,- frå kvar medlem i klubben, men likevel slik at maks sum ikkje kan overstiga kr. 100,- Dersom du scorar 11 mål, vert inntekta makssummen på kr. 100,-

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal